

Helseuttalelse Mowi Norway AS, lok. Rønstad

Helseuttalinga gjeld:

Mowi Norway AS, Sandviksboder 77AB, 5035 Bergen

Lokalitet Rønstad (lok. nr.12209)

Kons.nr. M HØ0001/M RA0001/M VA0002/M VA0018/M VN0014.

Generasjon 2016H

Uttalen er skrive i samband med søknad om auke av MTB ved lokalitet Rønstad. Åkerblå AS har hatt ansvar for helsekontroll med fisk på lokaliteten sidan sommaren 2017. I henhold til gjeldande regelverk blir det utført månadleg helsekontroll ved lokaliteten så lenge lokaliteten er i produksjon.

Oppsummert generasjon H2016

Generell info om H16

- 7 merder satt ut 12.10.16, totalt 1004180 fisk frå Ytre Standal og Rovde.
- Utslakta 23.02.2018.

Lokalitet Rønstad har vore i drift i Mowi sidan V2013G og er per i dag driven med ein MTB på 3900. Denne uttalen baserer seg på tida Åkerblå har utført helsekontroll ved anlegget, dialog med driftsleiar og områdeleiar, samt oppsummering frå dei føregåande utsetta.

Diagnoser G2016H:


- Mild gjellebetennelse
 - Multifaktoriell gjellebetennelse august 2017
 - CMS juli 2017
 - PD november 2017 v/PCR
-
- Auka dødelighet ved avlusing i nov/des 17 opp mot 2%

O2 dropp enkelte netter i oktober 2017 grunna grodde nøter forårsaket av at lokaliteten var kommet på etterskudd med notvask.

Lakselus

Lokaliteten er eksponert for lakselusmitte både naturleg og frå anlegg i resten av Voldsfjorden og Rovdefjorden. I løpet av førre utsett vart anlegget behandla mot lakselus fire gonger thermisk, ein gong med hydrolicer og ein gong med Slice.vet. I tillegg nytta anlegget reinsefisk og luseskjørt. H2018G nyttar reinsefisk og har pr mai 2019 berre behandla med Slice vet.

Det har generelt vore bra kontroll mot lakselus ved anlegget og det er gjennomført tiltak ved behov.



Figur 1: Viser vekentlig utvikling av lakselus frå utsett til slakt ved lokalitet Rønstad, generasjon haust 2016.

*Indikerer tidspunkt for tiltak

Dødelegheit

Dødelegheita i løpet av G2016H relaterast i hovudsak til CMS, dødelegheit i samband med handtering i tillegg til noko gjelleutfordringar. Frå gruppa frå Rovde gjekk det ut totalt 12,54%, medan det på gruppa frå Ytre Standal gjekk ut 20,99%. Gjelleutfordringar prega mykje av fisken som vart sett ut haust 16 ved andre lokaliteter òg, og relaterast gjerne ikkje til forhold ved lokaliteten, men noko nedsett gjellestatus i forkant av utsettet. Fisken frå Ytre Standal var generelt noko meir prega av gjellebetennelse enn fisken frå Rovde. Dette kan skuldast at fisken frå Ytre Standal hadde påvist POX og HSS frå settefiskfasen.

Dødelighet registrert som CMS ligg på 8,2%. Denne diagnosen vart påvist juli 2017. Dette er ikkje ein diagnose som relaterast til sjølve lokaliteten.

Handtering av fisken knytt til bruk av optilicer/thermolicer er registrert med ein total dødelegheit på 4,88%.


Dødelegheit utan kjend årsak er registrert på 3,60% av fisken som har gått ut. Noko av dette er truleg fisk som har gått ut som følgje av gjellebetennelse haust 2017.

Dei to føregåande generasjonane var vårutsett, V2013G og V2015G. V2015G vart noko kortare enn det som er vanleg då lokaliteten skulle snu til haustutsett. Samanlikna med H20106G var dødelegheita mykje lavare, henholdsvis 4,47% totalt V2013G og 6,42% V2015G. Det som har vore registrert som hovudårsak til dødelegheit dei to utsetta har vore fysisk skade i samband med handtering, behandlingdødelegheit og dødelegheit utan kjend årsak.

Miljø/strøm

Sidan 2011 har det vore gjennomført fire MOM-B undersøkingar, sist 14.02.2018. Samtlige har vist best resultat, tilstand 1, som viser at det ikkje akkumulerer vesentleg organisk avfall på lokaliteten. Botn under anlegget består i hovudsak av bratt fjell og MOM-B undersøkinga konkluderer med at miljøet toler belastinga godt. Ved MOM-B undersøkinga var straumforholda mot nordvest og sør.

Oksygenloggen for 2017 viser akseptable oksygenverdiar med naturlege svingingar gjennom året. Hausten 2017 vart det notert i besøksrapport at anlegget hadde oksygendropp om natta. Dette skuldast at anlegget hadde generasjonsnøter som vart nedgrodde på grunn av mangelfull reingjering, og ein ser det vart store oksygendroppar i merd 2 som tabell 2 viser.



Tabell 2. Oversikt over målte oksygenverdier ved lokaliteten i 2017, registrert i merd 2. Som ein ser var det oksygendropp grunna skitne nøter i slutten på september.

Oppsummering/vurdering

Det er ingen indikasjon på at lokalitet Rønstad har vore overbelasta. Det er ikkje påvist vesentleg akkumulering av organisk avfall på botnen.

Åkerblå AS sin vurdering er at det ikkje er påvist vesentlege forhold med fiskehelse eller velferd ved lokalitet Rønstad som kan knyttes til miljøet eller lokalitetens eigenskapar.

16.05.19



Malene Waage Skår

Fiskehelsekonsulent Åkerblå AS